

Fra: [Tor Andreas Titlestad](#)
Til: "Eva Moberg": [Roy Sævik \(roy.saevik@gmail.com\)](mailto:roy.saevik@gmail.com)
Kopi: [David J Aasen Sandved](#)
Emne: Møte om vidareføring av Reiseliv i industriens vogge, Fylkeshuset i Bergen den 22. september
Dato: 22. september 2016 15:07:24
Vedlegg: [image001.png](#)
Viktighet: Høy

Hei

Det vart semje om følgjande:

1. Føremålet med RIIV2 «Frå utvikling til sal» m.o.t. destinasjonane. RIIV 2 skal tene som eit forprosjekt for lansering av eit nytt hovudprosjekt under Innovasjon Norge sine ordningar: «Innovative Bedriftsnettverk».
2. Prosjektorganisering: SFFK og HFK vert prosjekteigarar. Det vert etablert ei arbeidsgruppe med Hans Jørgen Andersen/Destinasjon Hardanger og Randi Bårtveit/Hardanger og Voss Museum. SSFK må kome opp med forslag til kven de ønskjer skal vere med i arbeidsgruppa. Prosjektleiing vert organisert som kjøp teneste i Roy sitt system.
3. Finansiering: På prosjektkonto for RIIV i HFK står inne kr. 171.135. I tillegg står det inne kr 99.000 i bundne fond øyremerkt verdiskaping på kulturminne, til saman. Kr 270.135. Eg reknar med at det står fleir midlar inne når det gjeld HFK sine matchingsmidlar (Handlingsprogram for Næringsutvikling Hordaland (HNH)). Det skal eg sjekke. Kan eg be deg Eva om å sjekke at alle midlar frå SFFK har vorte utbetalt til HFK?
4. Roy tek hovudansvaret for å arbeide fram ein prosjektplan. Prosjektplanen skal innehalde skildring av dei oppgåver ein står ovanfor når det gjeld i trekkje inn kommersielle aktørar i tillegg til ikkje-kommersielle (muse o.a.) – dette for å byggje opp ei næringsklyngje som samla kan stå anten som søkjarar eller aktørar inn mot Innovasjon. Vidare vil det vere viktig å byggje vidare på dei sers gode tilbakemeldingane turoperatørane har gjeve på visningsturen som vart arrangert mai/juni 2016. Heilt sentralt i dette vil vere å kartleggje kva krav dei set til service og opplevingar for å sende kundar til våre destinasjonar. Slike tilbakemeldingar vil også vere sentralt i vidare produktutvikling, produktorganisering og pakketering.
5. På grunnlag av prosjektplan (med framdriftsplan og budsjett) og dokumentasjonar på tilbakemeldingar frå turoperatørar frå visningsturen 2016, må kvart av fylka fremje sak og få tiltaket politisk forankra i løpet av november 2016. Prosjektmidlane vil då kunne nyttast også i 2017.
6. På grunnlag av politisk vedtak i HFK, vil vi førebu og gjennomføre ein forenkla anbudsrunde på kjøp av prosjektleiing som teneste (kjøp under 500.000). Prosjektleiing vil venteleg vere på plass i løpet av medio desember 2016.

I utarbeiding av denne skissa har kva aktørane og prosjektet har mest trong til, vore styrande. Eit vellukka klyngesamarbeid har sjølvsagt også synergjar mot Fjord Norge/NCE.

Eg vonar dette er nokolunde rette gjengjeve og at det kan ha interesse.
Venleg helsing

Tor Titlestad

Seniorrådgjevar
Kultur – og idrettsavdelinga | Fylkeskonservatoren



Tlf: + 47 55 23 99 85 | Mob: +47 920 68 454
www.hordaland.no |